

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Deres ref.:  
Vår ref.: 11571944

Dato: 01.09.2015

**Svar på høyring om søknad om løyve til å byggje Drøllstølsbekken kraftverk i Eidfjord kommune, Hordaland**

Visar til brev frå NVE 01.juli 2015, ref. 201202844-7, som omhandlar søknadar om løyve til å byggje Drøllstølsbekken kraftverk i Eidfjord kommune.

BKK Nett er utgreiingsansvarleg for det regionale kraftsystemet i «BKK-området og Indre Hardanger» og er i tillegg netteigar av det meste av regional- og sentralnettet i denne regionen. BKK Nett er òg eigar av store delar av distribusjonsnettet i denne regionen. BKK Nett eig ikkje distribusjonsnett i Eidfjord kommune, men kommunen er omfatta av utgreiingsområdet vårt.

Drøllstølsbekken kraftverket ligg i Indre Hardanger Energi sitt distribusjonsnett, og vil mate sin produksjon mot transformering i Bu. BKK Nett er i gang med å byggje ny 132 kV leidning Voss – Granvin og ny 132/45 kV transformering i Bu. Når desse nettiltaka er ferdigstilt vil regionalnettet ha nok kapasitet til å ta i mot kraftproduksjon frå Drøllstølsbekken kraftverk. Nettiltaka er planlagd ferdigstilt innan årsskifte 2015/2016.

BKK Nett har difor ingen merknadar til denne konsesjonssøknaden.

Venleg helsing  
BKK NETT AS



Øystein Randal Berge  
Seksjonssjef



Ruth Helene Kyte  
Rådgjevar